

## **Saksprotokoll i fylkestinget - 12.-13.06.2019**

**Jon Askeland (SP)** sette fram slikt forslag til fråsegn til Regjeringa v/ statsministeren og Hordalandsbenken.

«Tid for tillitsreform.

Dei nordiske landa vert rekna som dei tryggaste og mest likeverdige samfunna i verda. Dette gjev oss stor tillit internasjonalt. Som innbyggjarar i Norden har me i det store biletet trekt vinnarloddet. Dette forpliktar oss alle til å verta betre og visa veg.

Dei siste åra har forvaltningsnivåa i Norge vore gjennom store omveltingar, og fra 1. januar 2020 kjem det mange nye strukturar på kommune- og fylkesnivå, med tilhøyrande endringar i oppgåver. For at reformene skal lukkast, må dei tre forvaltningsnivåa, kommune, fylke og stat ha tillit hjå innbyggjarane. Debattane rundt dei mange reformene viser at tilliten mellom innbyggjarane og tilsette og folkevalde vert utfordra. Både tilsette t.d. i barnevernet opplever truslar, og det same gjeld folkevalde som har stått i krevjande saker. Me har også sett at td Mattilsynet i vår har gjort grove overramp overfor enkeltmenneske

Hordaland fylkesting meiner at Norge må kjempa for verdiane som demokratiet vårt er bygd på. I Norge skal det vera trygt å stå for ei meining, gjerne ta tøffe, men saklege debattar, men aldri trua og krenka kvarandre, og slett ikkje ta frå kvarandre tryggleik og fridom. Me respekterer vedtak og det politiske mangfaldet. Innbyggjarane skal kjenna seg trygge på at tilsette i det offentlege yter tenester bygd på gode etiske standardar, rettferd og ivaretaking av individet.

Hordaland Fylkesting ber Statsminister og Regjering ta initiativ til at det som ein del av kommunereform, regionreform og statlege reformer, vert sett i gang ei rekke tillitsbyggjande tiltak, gjerne i form av ei tillitsreform.

Hordaland fylkesting forpliktar seg i valkampen til KS sin lovnad om å oppføra oss godt mot kvarandre. Dette ansvaret har me alltid, og det ligg td. nedfelt i opplæringslova, at me vaksne held same standard som me forventar at barn og unge held.

Innbyggjarane i landet skal ha tillit til at heile det offentlege evnar å sjå heilskapen, set behovet til innbyggjarane i sentrum, og framleis sikrar det gode , norske demokratiet bygt på fridom, rettferd og likeverd.»

## **Røysting**

Det var 54 representantar til stades.

Askeland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

## **Vedtak**

Tid for tillitsreform.

Dei nordiske landa vert rekna som dei tryggaste og mest likeverdige samfunna i verda. Dette gjev oss stor tillit internasjonalt. Som innbyggjarar i Norden har me i det store biletet trekt vinnarloddet. Dette forpliktar oss alle til å verta betre og visa veg.

Dei siste åra har forvaltningsnivåa i Norge vore gjennom store omveltingar, og fra 1. januar 2020 kjem det mange nye strukturar på kommune- og fylkesnivå, med tilhøyrande endringar i oppgåver. For at reformene skal lukkast, må dei tre forvaltningsnivåa, kommune, fylke og stat ha tillit hjå innbyggjarane. Debattane rundt dei mange reformene viser at tilliten mellom innbyggjarane og tilsette og folkevalde vert utfordra. Både

tilsette t.d. i barnevernet opplever truslar, og det same gjeld folkevalde som har stått i krevjande saker. Me har også sett at td Mattilsynet i vår har gjort grove overtramp overfor enkeltmenneske

Hordaland fylkesting meiner at Norge må kjempe for verdiane som demokratiet vårt er bygd på. I Norge skal det vera trygt å stå for ei meining, gjerne ta tøffe, men saklege debattar, men aldri trua og krenka kvarandre, og slett ikkje ta frå kvarandre tryggleik og fridom. Me respekterer vedtak og det politiske mangfaldet. Innbyggjarane skal kjenna seg trygge på at tilsette i det offentlege yter tenester bygd på gode etiske standardar, rettferd og ivaretaking av individet.

Hordaland Fylkesting ber Statsminister og Regjering ta initiativ til at det som ein del av kommunereform, regionreform og statlege reformer, vert sett i gang ei rekke tillitsbyggjande tiltak, gjerne i form av ei tillitsreform.

Hordaland fylkesting forpliktar seg i valkampen til KS sin lovnad om å oppføra oss godt mot kvarandre. Dette ansvaret har me alltid, og det ligg td. nedfelt i opplæringslova, at me vaksne held same standard som me forventar at barn og unge held.

Innbyggjarane i landet skal ha tillit til at heile det offentlege evnar å sjå heilskapen, set behovet til innbyggjarane i sentrum, og framleis sikrar det gode , norske demokratiet bygt på fridom, rettferd og likeverd.